



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Kari des Bouvrie, 5557 2022

Vår dato
31.08.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2014/6284 523.3
Dykkar referanse

Dyrkolbotn beitelag
v/Magnar Haugland

Varsel om arbeidsfrist 1. okt 17 - Lindås - Organisert beitebruk - Dyrkolbotn beitelag - Tiltak i beiteområde

Bakgrunn

Fylkesmannen viser til Dyrkolbotn Beitelag si søknad om tilskot til tiltak i beiteområde, datert 15. mai 2014. Søknaden gjaldt tilskot til innkjøp av 21 einingar elektronisk sporingsutstyr. Laget er løyvd eit tilskot til dette på totalt **kr. 6 300,-**, den 7. desember 2014. Arbeidsfristen for denne løyvinga går ut **1. oktober 2017** og vi vil gjere beitelaget merksam på denne fristen.

Vurdering

Arbeidsfristen for å gjennomføra tiltaket er sett til 1. oktober 2017. Dersom ikkje fristen vert overhalden, kan Fylkesmannen trekkja pengane tilbake, jf. § 5 i forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder (av 4. februar 2013). Viss tiltaket er utført ber vi beitelaget om ein skriftleg søknad om sluttutbetaling. Dette skal sendast til kommunen saman med vedlagt dokumentasjon på at arbeidet er utført. Dokumentasjon som krevst er rekneskap med bilag og gjerne foto som viser fullført tiltak. Kommunen tilrår så sluttutbetalinga og sender all dokumentasjon til Fylkesmannen for at sluttutbetalinga skal bli utført.

Har de sett i gong tiltaket, men ikkje vorte ferdige, har Fylkesmannen høve til å gje maksimalt to års utsett arbeidsfrist, jfr § 5 i forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder av 4. februar 2013. Dette må det søkjast skriftleg om til Fylkesmannen. Send søknaden via kommunen.

Dersom de ikkje har planar om å setja i gong tiltaket, vil vi òg ha melding om dette, slik at pengane kan komma andre til gode.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Kari des Bouvrie
rådgjevar husdyr

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ